



Ostereidet 20.03.2018

## **Innspel til oppstart av områdeplan med planprogram for Ostereidet**

Eikanger Idrettslag viser til kunngjering om oppstart av områdeplan for Ostereidet og framlegg til planprogram for dette planarbeidet, og har følgjande kommentar.

### **Lokalisering av Osterhallen:**

Idrettslaget meiner at det er svært fornuftig å laga ein samla områdeplan for heile området, slik det no er foreslått. Men det viktigaste for idrettslaget er at kommunen no får regulert inn den planlagde fleirbrukshallen på ein sentral stad i oppvekstområdet, og at symjebassenget samstundes vert ivareteke på ein god måte. Idrettslaget ønsker at den planlagde Osterhallen får ei plassering så sentralt i skuleområdet og nært kunstgrasbana, at hallen vert den viktigaste møteplassen på dag- og kveldstid.

### **Tilpassa rekkjefølgjekrav:**

For idrettslaget er det viktig at ein ikkje bind fleirbrukshallen opp i rekkjefølgjekrav som ikkje er naudsynte utover tilkomst, veg og vatn m.v. Kan ein bruka eksisterande parkeringsplassar i starten vil det vera ein stor fordel. Sidan fleirbrukshallen skal erstatta noverande gymnastikkhall, og aktivitetar som alt føregår i skuleområdet, kan ein ikkje sjå at det er rett å kopla rekkjefølgjekrav om nytt fortau ned Linsdalen til fleirbrukshallen. Det viktigaste for Eikanger Idrettslag er at Osterhallen vert realisert snarast mogeleg. Eit argument som bør nyttast i høve drøftingar knytt til rekkjefølgjekrav ned Linsdalen, er at det er nye bustader ved senteret som vil medføra fleire fotgjengarar til skuleområdet, og ikkje utbygging av fleirbrukshall i det sentrale oppvektområdet.

### **Punkt 4.6 går ut:**

Behovet for å laga ekstra gangveg over utmarka meiner idrettslaget ikkje er så stort, og ein meiner at punktet 4.6 i planprogrammet difor kan gå ut. Det er betre å ha skikkeleg fokus på realisering av nytt fortau langs fylkesvegen.

Eikanger idrettslag ønskjer Lindås kommune lykke til med planarbeidet, og kan om ynskjeleg bidra i planarbeidet vidare i prosessen.

Venleg helsing

Eikanger idrettslag (styret)